



Prosjekt til fordjuping

Studiestad: Bergen

Studiestart: September 2016

Studielengde: To semester

Studiepoeng: 15+15

Opptakskrav: Lærer/rådgjevar knytt til yrkesfagleg program i vidaregåande skule i skuleåret 2016/2017

Søknadsfrist: 15.april 2016

Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr vidareutdanning for yrkesfaglærarar

PROSJEKT TIL FORDJUPING

Har du ansvar for opplæring til ungdom i bedrift eller i vidaregåande skule?

- Då kan dette vere studiet for deg!

MÅL MED STUDIET:

Studiet høver for lærarar og rådgjevarar som arbeider på yrkesfaglege program i vidaregåande skule, opplæringsansvarlege i bedrift og tilsette på opplæringskontor.

I STUDIET VIL DU LÆRE

- om ulike rådgjevingsteoriar, prinsipp for vurdering, ulike læringsteoriar med vekt på erfaringsbasert læring og entreprenørskap i utdanninga
- kunnskap om faget Prosjekt til fordjuping på yrkesfaglege utdanningsprogram, korleis planlegge, gjennomføre og vurdere i faget
- planlegge, tilrettelegge og arbeide med formativ vurdering
- ulike strategiar for rettleiing med fokus på kritisk analyse og refleksjon rundt eigen praksis – "den sosiodynamiske samtalen"
- arbeide med entreprenørskap i prosjekt til fordjuping med vekt på samarbeid med lokalt arbeidsliv og erfaringsbasert læring
- å gjennomføre utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass med utgangspunkt i aksjonslæring som metode
- å betre kunna forstå, tilrettelegge og motivere for opplæring i prosjekt til fordjuping med vekt på erfaringsbasert læring, ansvarslæring, aksjonslæring og prosjekt som metode
- om det særleine ved ungdomskulturen gjennom perspektiv på sosialisering i ungdomsalder, læring og identitetsutvikling og val av utdanning/yrke
- om entreprenørskap i prosjekt til fordjuping med vekt på samarbeid med lokalt arbeidsliv, og fokus på utvikling av entreprenørielle haldningar og ferdigheiter

ORGANISERING OG LÆRINGSFORMER

- Studiet er samlingsbasert med 3 samlingar over 2 dagar per semester. Arbeid og oppfølging mellom samlingane vil skje på læringsplattforma Fronter og på Skype/Adobe Connect. Samlingane vil bli på tysdagar og onsdagar. Første samling 6. og 7. september.
- Læringsformer: forelesingar, gruppearbeid, studentaktive øvingar, og ein praktisk del gjennom arbeid med prosjekt/ utviklingsarbeid med utprøving på eigen arbeidsplass.
- Studentane sin eigen yrkespraksis skal vere utgangspunkt for arbeid i studiet, og som utprøvingarena og refleksjonsgrunnlag for prosjekt/ utviklingsarbeid.

INFORMASJON - SØKNAD

Nærare informasjon og lenke til elektronisk søknadskjema:

www.hisf.no/nn/prosjekt-til-fordjuping

SØKNADSRIST HISF 15. APRIL

Kursansvarleg HiSF: Ann Karin Sandal - 57676025

Adm kontaktperson HiSF: Ingebjørg Vikesland 57676068

INGEN STUDIEAVGIFT

HiSF tilbyr PTF utan studieavgift, kun semesteravgift.